



Saksbehandlar: Helle Holte Bruland		Arkivkode: L13207/11241201803
Arkivsaksnr.: 20/11239		JournalpostID: 20/23466
Saksnr:	Utval:	Dato:
138/2020	Plan- og bygningsutvalet	04.06.2020
31/2020	Bjørnafjorden eldreråd	26.05.2020
80/2020	Bjørnafjorden kommunestyre	16.06.2020
30/2020	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	25.05.2020
22/2020	Ungdomsrådet	29.05.2020

**GBNR 207/1 m.fl. Baldersheim - Detaljregulering for Fv.121 v/skulen på Baldersheim  
Godkjenning av plan****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar detaljregulering for fv.549 v/skulen på Baldersheim.

Vedtaket er gjort i tråd med plan- og bygningslova §12-12.

Os, den 15.05.2020

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

**Behandling:**

Det er knytt nye dokument opp til saka etter at ho var til behandling i PBU. Plansjef Jannicke Ane Søråas Sem-Onarheim svara på spørsmål frå representantane.

Representanten Ole Viggo Skåtun, Frp, fekk permisjon frå møtet. Thorstein Skårnes tok plass i møtet som vara.

**Votering**

Innstillinga frå plan- og bygningsutvalet vart samrøystes vedteke.

Asle Olsen, SV, fekk permisjon frå møtet. Oddne Bjørnør Horg tok plass i møtet.

Line Storum, Ap, kom tilbake i møtet og Pål Tore Haga gjekk frå møtet.

Tine Bøe Buer, MDG, fekk permisjon frå møtet. Marie Hauge tok plass i møtet som vara.

Bjørnafjorden kommunestyre 16.06.2020, Sak 80/2020 -Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar detaljregulering for fv.549 v/skulen på Baldersheim.

Vedtaket er gjort i tråd med plan- og bygningslova §12-12.

**Behandling og vedtak, 04.06.2020****Behandling:**

Sak 138/2020 vart behandla etter sak 136/2020.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar detaljregulering for fv.549 v/skulen på Baldersheim.

Vedtaket er gjort i tråd med plan- og bygningslova §12-12.

## **Behandling og vedtak, 29.05.2020**

### **Behandling:**

Samrøystes uttale: Etter det ungdomsrådet kan sjå, er barn og unge sine interesser godt ivaretatt i planen og ungdomsrådet har elles ingen merknader.

### **Vedtak:**

Etter det ungdomsrådet kan sjå, er barn og unge sine interesser godt ivaretatt i planen og ungdomsrådet har elles ingen merknader.

**Behandling og vedtak, 26.05.2020****Behandling:**

Framlegget frå leiar, Bjørn Sivertsen, vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Bjørnafjorden eldreråd tek saka til orientering, og tilrår at omsyn til «eit aldersvennlig samfunn» vert lagt inn som ei av føringane for auka trafikktryggleik.

## **Behandling og vedtak, 25.05.2020**

### **Behandling:**

Rådgjevar frå Plan, bygg og miljø, Helle Holte Bruland, orienterte.  
Framlegg til vedtak frå leiar, Gisle Hesjedal (AP), vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til orientering.

**Vedlegg:**

- Planomtale og ROS-analyse - Detaljregulering for fv. 121 ved skulen på Baldersheim, 20.05.2019(350176)
- Føresegner - Detaljregulering fv 121 ved skulen på Baldersheim 22.05.2019(358673)
- Plankart - Detaljregulering for fv 121 ved skulen på Baldersheim, 20052019(358672)
- Merknadsskjema 29.10.2018(358675)
- GBNR 1071 m.fl.- Baldersheim - Grunneigars oppsummering frå dialogmøte 8.5.2019(337797)
- GBNR 1071 m.fl. - Baldersheim - Referat frå dialogmøte(337419)
- GBNR 1071 m.fl.- Baldersheim - Høringsuttalelse til detaljregulering for fv.121 ved Baldersheim skule(93390)
- 2071 m.fl. - Ettersending av dokument til kommunestyret(92077)
- Merknadsskjema 30.10.2019(358676)(93389)
- 2071 m.fl. - Baldersheim - Dialog med grunneigar(92066)

**Samandrag av saka:**

Planarbeidet starta i 2009. Planen har fokus på trafikkisikring kring Søre Fusa skule, og tek utgangspunkt i trafikkisikringsplanen for tidlegare Fusa kommune. Planarbeidet har teke lang tid m.a. grunna drøfting av motsegnspunkt, klagehandsaming og justering i plangrense. Desse utfordringane skal no vere løyst.

Planen legg til rette for at det skal setjast i verk tiltak på Fv 549 og på kommunal veg. Det er kostnadar knytt til dette, og det er prioritert totalt 3.000.000.000 trafikkisikringsmidlar(s.10 i investeringsbudsjettet for Bjørnafjorden kommune), der ein skal henta midlar til ddelar av dette prosjektet ved Søre Fusa oppvekstsenter(Søre Fusa skule). Det er ikkje laga anbod på dette enno, og dette vert gjort så snart planen er vedteken.

Utbetring av veg og bussrundkjøyring bidreg til å auke kvalitet og tryggleik for gåande og syklende, samt dei som nyttar kollektivtransport – både for skuleborn og for fastbuande. Dette kan bidra til at fleire nyttar desse løysingane.

**Saksframlegg:**

Grunnlag for planen

Det er utarbeid ein detaljregulering for fylkesveg 549 ( tidlegare fv 121) ved Søre Fusa skule, Baldersheim. Planprosessen starta i 2009, og føremålet er å leggja til rette for trygg ferdsel langs vegen. Planen har vore på høyring i fleire omgangar i gamle Fusa kommune grunna m.a. klagehandsaming, motsegn og justering i plangrense (ref. sak: 18/277). Saka har vore handsama i møte:

- 06.06.2019 – Utval for plan og miljø (ny høyring og off. et.), sak: 051/2019
- 11.04.2019 – Kommunestyret (klagehandsaming), sak: 012/2019
- 13.12.2018 – Kommunestyret (godkjenning av plan), sak: 050/2018
- 31.05.2018 – Utval for plan og miljø (høyring og off. et.), sak: 052/2018

Saka har vore handsama i fleire møte tilbake til 2010, dei møta som er refert til over er relevante for slik saka no ligg føre.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

<b>Kommune</b>	Bjørnafjorden kommune
<b>Stad</b>	Baldersheim / Søre Fusa
<b>Gnr/Bnr</b>	207/1 m.fl.
<b>Planområdets storleik i daa</b>	21,3
<b>Forslagstillar</b>	Bjørnafjorden kommune
<b>Plankonsulent</b>	Byggadministrasjon H.Bjørndal AS
<b>Planens hovudføre mål</b>	Trafikksikring / kollektiv
<b>Plannamn</b>	Detaljregulering for Fv 549, v/skulen på Baldersheim
<b>Plantype</b>	Detaljregulering
<b>KU-plikt</b>	Nei
<b>SOSI-fil 4,5</b>	Ja
<b>Oppstartmøte</b>	14.08.2010
<b>Synfaring</b>	25.09.2009
<b>Kunngjering høyring (siste off. ettersyn)</b>	02.09.2019 – 16.10.2019
<b>Innkomne merknader i saka ( 2010 -2019)</b>	25 (Offentlege: 14 Private: 11 )

Alle merknadar er kommentert i eige merknadsskjema. Det føreligg ikkje motsegn i saka.

#### **Historikk og overordna føringar**

Planen vart godkjend i kommunestyremøte 13.12.2018. Vedtaket vart påklaga, og klagen teke til følge i kommunestyrevedtak 11.04.2019. Klagen vart teke til følge av den grunn at kommunen var einig i at det hadde vore mangelfull medverknad for parten i saka. I det planframlegget som no har vore på høyring har vi sikra god dialog med dei som fremja klagen, og kome fram til fleire løysingar i fellesskap som vi meiner gjer planen betre. Det ligg ved referat frå dette møtet. Endringane innebar at planen måtte leggast ut til ny høyring og offentleg ettersyn våren 2019.

#### **VURDERING**

##### **Byggeføre mål og tiltak på veg**

Planen erstattar ein liten del av detaljregulering for Baldersheim skule frå 1984, men endrar ikkje planføre mål der det er overlapp. Det er lagt opp til at det kan byggast ein bustad til på eksisterande bustadeigedom BFS2, men elles er det vurdert at det ikkje er aktuelt med andre tiltak enn utbetring av trafikksituasjon i dette planarbeidet.

Arealet er sett av til sentrumsføre mål og LNF i arealdelen til kommuneplanen. Planen er elles vurdert til å vera i tråd med nasjonale forventningar og rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging der ein prioriterer tema som klima og energi, samferdsel og infrastruktur, helse-, livskvalitet og gode oppvekstmiljø. Statens vegvesen har tidlegare påpeikt at det må søkjast om fråvik for alle løysingar på Fv 549 (tidlegare Fv121) som ikkje er i samsvar med gjeldande normalar. Sjå elles vedlagt merknadsskjema og referat for detaljar om korleis innspela er kommentert. Nokre av innspela som har kome inn til tidlegare høyringar er ikkje lenger aktuelle grunna reduksjon av planområdet. Det vert lagt opp til veglys langs fylkesvegen – noko som vil bidra til at trafikksituasjonen vert meir oversikteleg. Fartsgrensa er 50 km/t, og vegen har ein ÅDT på ca 500.

Området kring skulen er i det vesentlege utbygt med bustader i dag, og på område BFS2 kan det

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

førast opp ein ekstra bustad med inntil 150 kvadratmeter grunnflate og med same møneretning som eksisterande bustad. Utforming, plassering og storleik på bustaden er sikra i føresegnene og med byggegrense, slik at bygget skal innpassast i eksisterande bebyggelse og terreng. Byggegrense mot sjø og veg er vist i plankart. Det er lagt inn 30 meter byggegrense frå fylkesveg, og sikra god sikt i utkøyningar til kommunal veg. Avkøyrsl frå BFS2 er vist på plankartet, og det er tillate med noko justering av plasseringa. Avkøyrsl mot kommunal veg skal ha siktssone 3 x 30 meter dersom ikkje anna står på plankartet.

I anleggsfasen er det er tillate med mindre inngrep i sideområder langs nytt fortau/busslomme. Berørte areal skal setjast tilbake i same stand som før inngrep. Langs o\_SKV2 kan det på område o\_SVG16 leggast til rette for langsgående parkering.

### **Kulturminner og naturmangfald**

Det er ikkje registrert kulturminner eller naturverdiar som vert råka av tiltaka i planen.

### **Born og unges interesser**

Planen sitt hovudføre mål er å betre tilhøva for born og unge kring skuleområdet og for kollektiv. Dette oppnår ein med utbetring av busshaldeplass, vegkryss og tilføring av fortau – og sikre universell utforming kring desse elementa. Ei lokal badestrand ved skulen er sikra i planen, og tilkomsten/tilgjenge til denne er god (sjå side.18 i planomtalen).

### **Støy/skred//flaum**

Det er ikkje avdekt risiko relatert til støy, skred eller flaum.

### **Endringar og medverknad:**

Under høyringa ytra grunneigar ønskje om ytterlegare justeringar på bustadareal og byggegrense mot veg. Det er rådmannen sin vurdering at Fusa kommune har lagt til rette for god dialog og medverknad i saka, og at ein har søkt å i møtekomma grunneigarar og overordna mynde så langt ein kan undervegs. Det er likevel slik at ein ikkje kan imøtekoma alle private ønskje.

Ein vil påpeika at hovudføre målet med planen er å leggja til rette for trafiksikring kring Søre Fusa skule, og ein har vist velvilje i å imøtekoma private ønskje om utvikling i området når det gjeld privat bustad. Ein meiner at dei planfaglege vurderingane som er gjort kring plassering av bustadføre mål og byggegrenser mot veg er korrekt både med tanke på terrenginngrep, fjernverknad, strandsona og nærleik til veg for nye bygg.

Ein eigedom langs fv 549 ( tidlegare fv121) har skifta eigar undervegs i planarbeidet. Dei vart ikkje opplyst om planarbeidet då dei overtok eigedommen, og har vesentleg merknad til at tilføring av fortau langs fylkesvegen vil føra til inngrep på deira eigedom. Ein vil syne til at deler av dette er privatrettslege tilhøve, men vil òg understreka at det vert ikkje gjort inngrep på private eigedommar utan at ein har på plass ein avtale med grunneigar.

Vestland Fylkeskommune (Hordaland Fylkeskommune) har ingen særskilte merknader til planen eller til endringane som er gjort sidan førre godkjenning i 2018, og legg vekt på at det er viktig å få på plass trafiksikring kring skulen. NVE, Fiskeridirektoratet, Statens vegvesen og Fylkesmanne i Vestland har ikkje ytterlegare merknadar til planen slik den no ligg føre. Syner elles til merknadsskjema.

### **Konklusjon**

Planomtalen er utbetra på fleire punkt etter høyringa. Det er kome inn fleire uttalar med ønskje om endringar i planen, men ein ser det ikkje som føremålstenleg å utsette saka om trafiksikring ytterlegare ved å opne for å tilføre endringar som utlyser ny høyring eller utsetter saka på anna vis. Planen vert difor tilrådd godkjent slik den vart lagt på høyring våren 2019.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*



Os, den 15.05.2020  
Helle Holte Bruland  
arealplanleggjar